

Dato: 09.05.2017

Arkiv: 033&58

Kontrollutvalet i Ørsta

SAK 20/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

Forslag til vedtak

Vedlegg

1. Styret for Retura Søre Sunnmøre AS. Møtebok 29.03.2017.
2. Styret for Retura Søre Sunnmøre AS. Møtebok 04.05.2017.

Saksopplysning

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.


Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):


Kommunestyret	26.01	09.03	27.04
Formannskapet	14.02	09.03	28.03
Administrasjonsutvalet	07.06.2016		
Samfunnsutvalet	28.02	04.04	
Levekårsutvalet	01.03	05.04	
Landbruksnemnda	07.02	13.03	
Eldrerådet	09.02	15.03	06.04 20.04
Råd for likestilling av funksjonshemma	28.02	23.03	
Valstyret		28.03	
Ungdområdet	-		
VØR IKS Styret	31.01	28.03	
VØR IKS Representantskapet		18.04	
Retura Søre Sunnmøre AS	09.02	29.03	04.05

Møteprotokollar for styrer og utval i Ørsta kommune kan ein finne på heimesida til kommunen, www.orsta.kommune.no under Politikk – møtedokument.

Møteprotokollar for VØR IKS styre og representantskap finn ein på heimesida til VØR, www.vor.no under fana Om oss – møteprotokollar.

Protokollar for Retura Søre Sunnmøre AS samt styresaker frå VØR, vert sett opp, sendt til oppsett medlem og lagt ved saka etter kvart som sekretariatet mottek desse.


Jostein Støylen
Dagleg leiar


Signild Aa. Forbjørnson
Konsulent

Kontrollutvalet i Ørsta

Styret for Retura Søre Sunnmøre AS. Møtebok 29.03.2017.

Vedlegg til

ØR 03-17 SAK 20/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

PROTOKOLL

STYRET FOR RETURA SØRE SUNNMØRE AS

Heldt møte hos Retura Søre Sunnmøre AS

Møtedato 29.03.2017

Møtet tok til 16.00

Desse møtte:

Nils Rune Nesbakk, Bente Fylken, Bente Reklev og Mads Indresøvde.

Frå administrasjonen møtte Bent J Nilsen, som førte møteboka. Nils Rune Nesbakk leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling.

SAKLISTE:

Sak nr. 05-17 Finansiering av ny kranbil.

Styret vedtek å godkjenne framlegget om finansiering av ny kranbil slik det ligg føre.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak nr 06-17 Referatsaker

- Referatgjennomgang, referat godkjent i førre styremøte,
- Generell orientering
 - Omsetnad pr. 28.02.17
 - Bygderydding 2017
 - Avsetning /nedstrøms løysningar for bygg - og riveavfall
 - Omsetnad landsdekkande avtaler
 - ISO-sertifisering. Gjennomført revisjon i mars.

Rett utskrift 29.03.2017


Nils Rune Nesbakk

Styreleiar

 
Bente Fylken Bente Reklev


Mads Indresøvde


Bent J Nilsen referent

Sak nr. 5-17 Finansiering av bestilt Volvo krok-/ liftbil

Vedtak:

Styret vedtek å godkjenne forslaget til finansiering av ny Volvo kranbil ved at det innhentast tilbud frå fleire leasing selskap og at dagleg leiar inngår avtale med det selskap som etter ein evaluering innehar det beste tilbud og gjer den største tryggleik i høve framtidig utkjøp.

Bakgrunn:

Bil og maskinparken til RSS må gradvis skiftas ut etter kvart som utstyret ut i frå driftsmessige vurderingar må fornyast. Det ble i sak nr. 18-16 vedteke å bestille ny kranbil for levering mai/juni 2017. Det har vore framlagt for styret i møte 05.09.12 ei orientering, sak. nr. 15-12, om alternative finansieringsformer. Det er tidlegare innhenta innspel i frå revisor som meiner at leasing er ei fornuftig måte å finansiere utstyr som trengs å skiftas ut. Det anbefalas for denne anskaffinga å inngå ei leasingavtale, men det vil ved neste anskaffing gjerast ny vurdering om leasing eller lånefinansiering.

Kontrollutvalet i Ørsta

Styret for Retura Søre Sunnmøre AS. Møtebok 04.05.2017.

Vedlegg til

ØR 03-17 SAK 20/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

PROTOKOLL

STYRET FOR RETURA SØRE SUNNMØRE AS

Heldt møte hos Retura Søre Sunnmøre AS

Møtedato 04.05.2017

Møtet tok til 16.10

Desse møtte:

Nils Rune Nesbakk, Bente Fylken, Bente Reklev og Mads Indresøvde.

Frå administrasjonen møtte Bent J Nilsen, som førte møteboka. Nils Rune Nesbakk leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling.

SAKLISTE:

SAK NR 07-17. Resultat pr 31.03.2017 – melding til styret

Resultat pr. 31.03.2017 viser eit overskot på kr 124.818,- som ligg kr 30.126,- under budsjettet på kr 154.944,-. Omsetnad kr 5.346.795,- ligg kr 344,045- under budsjett, men kr 468.687,- over rekneskapet for same tid førre året.

Styret tar rekneskapet pr 31.03.17 til orientering.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK NR 08-17. Utsifting av Toyota varebil ved kjøpa av tilsvarande nyare brukt varebil

Styret vedtek å godkjenne forslag til utsifting av den gamle varebilen ved kontantkjøp av tilsvarande nyare brukt varebil innafor ei ramme på kr 150.000,-.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK NR 09-17. Referatsaker

- Referatgjennomgang. Referat godkjent i førre styremøte
- Ryddeaksjonen våren 2017
- Spørjeundersøking 2017
- Generell orientering

Rett utskrift 4.05.2017


Nils Rune Nesbakk
Styreleiar


Bente Fylken


Bente Reklev

Mads Indresøvdé




Bent J Nilsen
referent

Tilråding til vedtak:

Styret tek rekneskapet pr 31.03.17 til orientering.

Saksutgreiing

Eg legg med dette fram rekneskapen pr 31.03.17. Tala er korrigert og periodisert så godt som råd, og så langt eg har oversyn over i dag, syner den framlagde rekneskapen vår økonomiske situasjonen pr 31.03.17.

Inntektene har vore gode det siste kvartalet og ligg godt over tala for same tid førre året, men under budsjett, og det er som "vanleg" etter fyrste kvartal. Vi ligg over budsjett på sentrale avtaler. Det har vore kostnadar til reparasjon av bilane i same storleik som på same tid førre året, men med ny kranbil i frå juni må vi håpe at desse kostnadane blir mindre. Vi ligg nå 83.257,- over budsjett. Vi ligg under budsjett på leasing av bilar/maskinar, men her vil kostnadane auke når kranbilen settas i drift. Vi er nå inne i ei god periode med stor aktivitet. Vi har valt å behalde den gamle lift-krokbilen inntil vidare, slik at vi i mindre grad treng å leige inn Bøstrand og Sunn - Trans til transporter til Tafjord kraftvarme. Ligg under budsjett på innleige transport/kraning, da det ikkje har vore behov for å leige inn Bøstrand fyrste kvartal.

Inntektene.

Konto 3001. Inntekta for transport og containerleige ligg under periodisert budsjett, men det er naturleg da aktiviteten alltid er lågare i fyrste kvartal enn utover året.

Konto 3010. Abonnementsavtaler. Ligg noko under budsjett, men over fjorårets rekneskapstal.

Konto 3023. Sal –sentral avtaler. Omtrent noko over budsjett.

Konto 3032. Våt organisk over vekta ligg noko under budsjett, men over fjorårets rekneskapstal.

Konto 3034. Tørrorganisk over vekta. Resultatet for grovavfall levert over vekta dei fyrste 3 månadane ligg under budsjett.

Konto 3038. Trevirke over vekta ligg over budsjett.

Konto 3039. Sal av trevirke. Denne inntektskjelda har falt bort då forbrenningsanlegga ikkje lenger vil betale for denne fraksjonen. Vi har måtte auke prisen på trevirke inn hos oss med 90,- kr pr tonn i fyrste omgang. Ny avtale med REKOM gir ikkje betaling for trevirke, men har ein fast transportpris som gir ein grei tonnpris ved store laster på bilane og det ser det ut til å bli da transportøren kjører med store biler.

Konto 3042. Restavfall frå VØR. Ligg under budsjett, men vil ta seg opp utover våren.

Konto 3044. Trevirke frå VØR. Ligg under budsjett, men vil ta seg opp utover våren.

Konto 3053. Sal av papp/papir. Ligg omtrent på budsjett. Blir henta av Tenden, Stryn.

Konto 3054. Sal av metall. Ligg godt over budsjett og 70' over fjoråret. God prisa på metall så bygderyddinga som starta i april vil bli finansiert av inntektene for metallet.

Konto 3055. Sal av plast. Ligg på budsjett. Blir henta og kreditert av Stranda gjenvinning.

Konto 3059. Div. inntekter. Ligg over budsjett. Utført ein del oppdrag for VØR som kverning av hageavfall, mekaniske arbeider og transport av glas og farleg avfall til Renor på Austlandet.

Kostnadane.

Konto 4500. Underentreprise VØR. Innhenting av boss og papir. Ligg under budsjett.

Konto 5000. Faste løner ligg over budsjett. Sjøfør på engasjement slutter 1 mai så dette vil komme nærare budsjettala. Ekstrahjelp under budsjett. Overtid over budsjett grunna stor aktivitet og behov for tidvis containertransport på overtid for å serve kundane.

Konto 6015. Avskrivningar. Budsjett tal.

Konto 6115. Ligg på budsjett. Transport og levering av EPS.

Konto 6119. Forbrenning våtorganisk til Tafjord, REKOM avtale. Ligg under budsjett.

Konto 6120. Forbrenning tørrorganisk til Tafjord. Ligg godt under budsjett.

Konto 6121. Avfall til deponi ligg under budsjett.

Konto 6122. Spesialavfall til deponi ligg under budsjett.

Konto 6124. Trevirke. Ligg godt under budsjett.

Konto 6300. Leige av bygg. Ligg på budsjett.

Konto 6441. Leasing transportmiddel. Under budsjett, men vil auke i frå juni då den nye kranbilen er på plass.

Konto 6550. Driftsmateriell. Ligg over budsjett.

Konto 6552. Programvare. Under budsjett.

Konto 6570. Verneutstyr og arbeidskle. Ligg under budsjett.

Konto 6700 og 6705 Revisjon og rekneskap. Budsjettal.

Konto 6790. Anna rådgiving/teneste. Ligg under budsjett.

Konto 6791. Innleige transport / kraning. Ligg under budsjett. Inga innleige i fyrste kvartal.

Konto 6800 – 6890. Ligg omtrent på budsjett.

Konto 6900. Telefon. Ligg på budsjett.

Konto 7000 – 7090. Ligg over budsjett. Har hatt ein del reparasjonar på dei eldste bilane, men også dei nye.

Konto 7145. Ferjekostnadar. Ligg under budsjett.

Konto 7300 -7350. Ligg under budsjett.

Konto 7570. Skadeerstatning. Under budsjett.

Konto 7600. Franchiseavgift ligg på budsjett.

Likviditeten.

Likviditeten er god.

Utestående fordringar

Alle puringar er utsendt. Individuell oppfølging er sett i verk hos ei handfull abonnentar og nokre saker oversendt til Lindorff.

Sluttkommentar.

Resultatet og omsetnaden er betre enn forventa i høve årstida og erfaringsmessig lågare aktivitet 1ste kvartal. Reknar med å gå med godt overskot i neste kvartal som tidligare år. God aktivitet dei siste vekene.

28.04.2017

Bent J Nilsen
Dagleg leiar

Sak nr. 08-17 Utskifting av Toyota varebil ved kjøp av nyare tilsvarande brukt varebil

Vedtak:

Styret vedtek å godkjenne forslaget til utskifting av den gamle varebilen ved kontantkjøp av tilsvarande nyare brukt varebil innafor ei ramme på kr 150.000,-.

Bakgrunn:

Bil og maskinparken til RSS må gradvis skiftas ut etter kvart som leasing avtalar utløpar og ustyret ut i frå driftsmessige vurderingar må fornyast. Vi har og i samband med ISO-sertifisering eit krav om å ha tydelege og målbare målsettingar for miljø og kvalitet. Den gamle Toyota varebilen har behov for omgåande utskifting då det etter EU-kontroll er såpass mange manglar at det ikkje er økonomisk forsvarleg å utføre reparasjonar for godkjenning.